

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 7.3.24

Stad: Fjordsenteret

Sak 13/24. Søknad om fellingsløyve til jaktkarusell

### **Saksopplysning/vurdering:**

Skyttarlaga Aurland og Stålring skal arrangera jaktkarusell med 6 skytingar frå slutten av april og utover. Det vert søkt fjellstyret om eit fellingsløyve for rein, som tidlegare år. Det er Magne Forberg som har sendt søknad på vegne av dei to laga. Fellingsløyvet skal trekkjast mellom dei som har delteke i minst 3 av 6 skytingar. Søkjaren ber om å få opplyst kva type fellingsløyve som vert gjeve, dersom fjellstyret gjer positivt vedtak. Søknaden ligg ved, saman med oversikt over skytetider.

Fjellstyret har i mange år gjeve eit fellingsløyve for fritt dyr til jaktkarusellen. Grunngevinga har vore at denne skytinga gjev verdfull trening for dei som går på jakt i Aurland, noko som kan vera med på å betra skytedugleiken og på den måten kanskje redusera faren for skadeskyting av dyr under storviltjakta. I 2021 og -22 vart det gjeve fellingsløyve for kalv, grunnjevne med den store nedgangen i fellingskvote. I 2023 var det berre fellingsløyve for bukk 1,5 år og eldre, og fjellstyret gav eit slikt til karusellen. Kvoteframlegget frå villreinutvalet for Nordfjella kjenner me ikkje enno. Viss fellingskvoten for Nordfjella vert som i fjor (80 løyve), vil fjellstyret truleg disponera 12-13 av dei. Verdien av eit fellingsløyve for bukk er kr 2000, føresett uendra prisar frå i fjor.

Eg vil føreslå at fjellstyret dette året òg held av eit fellingsløyve til jaktkarusellen. Fjellstyret må koma attende til kva type dyr dette vert, ut frå kva som vert fastsett som fellingskvote for Nordfjella.

### **Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret gjev eit fellingsløyve for rein til jaktkarusellen som skyttarlaga Stålring og Aurland gjennomfører våren 2024. Me må koma attende til kva type dyr dette skal gjelda for, etter at kvoten for Nordfjella er vedteken. Det er eit vilkår for vedtaket at det vert fastsett ein fellingskvote for Nordfjella i år.

Fjellstyrekontoret, den 4.3.24

Harald Skjerdal

## Aurland Fjellstyre

---

**Fra:** Magne Forberg <magne@skaimsberg.no>  
**Sendt:** tirsdag 20. februar 2024 10:44  
**Til:** Aurland Fjellstyre  
**Kopi:** staalring@skytterlag.no; trygve.oyum@privat.alb.no; Harald Borlaug; eirik1004@hotmail.com  
**Emne:** Premie til jaktkarusellen i 2024  
**Vedlegg:** Jaktskyting 2024.pdf

Aurland Fjellstyre,

Stålring, og Aurland Skyttarlag held fram med jaktkarusellen for jegerane i Aurland i år og. Det er lagt opp til 6 rundar i karusellen med start siste veka i april med siste runde 2 veka i juni. Jegerane som deltek må vera med på minimum 3 rundar av dei 6 som vert arrangert, for å kunne delta i trekninga om premien.

Skyttarlaga søker Aurland Fjellstyre om eit fellingsløyve som premie til den som blir trekt ut, og som har fullført karusellen.

Fint om dykk angir kva type fellingsløyve som vert tildelt. I førevegen takk.

Med helsing,

På vegne av skyttarlag Stålring og Aurland,  
Magne Forberg, leiar

## **Jaktskyting Aurland Skyttarlag og Stålring Skyttarlag**

### **Jaktkarusell 2024**

<u>Mandag. 22.04.2024</u>	Kl.1800	<u>Vassbygdi</u>	<u>Trening/ prøve</u>	<u>Stålring/AJF</u>
<u>Tysdag. 30.04.2024</u>	Kl.1800	<u>Loven</u>	<u>Trening/ prøve</u>	<u>Aurland/AJF</u>
<u>Mandag. 06.05.2024</u>	Kl.1800	<u>Vassbygdi</u>	<u>Trening/ prøve</u>	<u>Stålring/AJF</u>
<u>Tysdag. 14.05.2024</u>	Kl.1800	<u>Loven</u>	<u>Trening/ prøve</u>	<u>Aurland/AJF</u>
<u>Tysdag. 21.05.2024</u>	Kl.1800	<u>Loven</u>	<u>Trening/prøve</u>	<u>Aurland/AJF</u>
<u>Mandag. 27.05.2024</u>	Kl.1800	<u>Vassbygdi</u>	<u>Trening/prøve</u>	<u>Stålring/AJF</u>

### **Jaktskyting utenom karusell 2024**

<u>Fredag. 04.06.2024</u>	Kl.1800	<u>Loven</u>	<u>Trening/prøve</u>	<u>Aurland</u>
<u>Mandag. 05.08.2024</u>	Kl.1800	<u>Vassbygdi</u>	<u>Trening/prøve</u>	<u>Stålring</u>
<u>Fredag. 09.08.2024</u>	Kl.1800	<u>Vassbygdi</u>	<u>Trening/prøve</u>	<u>Stålring</u>
<u>Laurdag. 10.08.2024</u>	Kl.1300	<u>Loven</u>	<u>Trening/prøve</u>	<u>Aurland</u>
<u>Laurdag. 17.08.2024</u>	Kl.1300	<u>Loven</u>	<u>Trening/prøve</u>	<u>Aurland</u>

Påmeldingsavgift til jaktkarusell Kr. 100,-

Pris for medlemar: trening kr. 50.- Skyteprøve kr. 50.-

Pris for ikkje medlemar: kr. 300.- for kvar skyting.

**Medlemskontigent for 2024 er kr. 400**

*Stålring skyttarlag*

*Aurland skyttarlag*

**NB! Hugs medlemskort og jegeravgiftskort**

Oppfordrar alle til å betale med Vipps, Aurland kan ta kortbetaling